Informasjon frå trimgruppa og barneidrettsgruppa.

Grunna vegstenging ved Blakset-tunellane, vart det vanskeleg å få til organisert bading i Stryn i år. Vi har difor kome fram til andre løysingar for felles aktivitetar i haust.

Torsdag 17. oktober og torsdag 24. oktober frå 18.00-19.00 vert det felles bading i Trivselshagen på Sandane. Idrettslaget sponsar inngangsbilett. Det var ikkje råd å leige symjehallen, så det vert samstundes som offentleg bading, men leiarane ved symjeanlegget meiner det likevel skal gå fint i dette tidsrommet. Det må då sjølvsagt vere med vaksne som har tilsyn med ungane (1 vaksen per 1-2 barn). Alle medlemmer av idrettslaget er velkomne til å vere med, store og små. Sjå også www.trivselshagen.no

Torsdag 31. oktober og torsdag 7. november frå 18.00-19.00 vert det aktivitet på nye Hamna trening på Eid. Dei har eit stort og innhaldsrikt aktivitetsrom for barn mellom 2-12 år der ein kan forsøke ulike aktivitetar. For dei som er eldre enn 12 år er det mogeleg å prøve å klatre i buldreveggen. Idrettslaget har avtale om inngang for medlemmer, leige av klatresko, og vi får med instruktør i desse tidsromma. Både små og store medlemmer av idrettslaget er sjølvsagt velkomne. Det må vere vaksne med barn i aktivitetsrommet. Sjå også www.hamnatrening.no

Dei resterande torsdagane i november og desember vert det **aktivitet i salen i grendahuset frå 18-19 for barn mellom 3- 12 år.** Aktiviteten vert leia av barneidrettsgruppa. Dette vert avslutta med nissemarsj **torsdag 12. desember**.

Trimmen med Hildegunn startar opp **onsdag 16.** oktober kl. 19.30, og vert fast onsdagar utover hausten. Ta med strikk.

Basistrening med Steinar er starta opp **kvar måndag kl. 20.00.** Treninga er lagt opp for dei som driv skiskyting, men ivrige mosjonistar som ynskjer styrketrening er også velkomne. Aldersgrense 12 år.